



Sauen vart ein trussel mot vassinntaket i Eikelva, nå hevdar folk at gjerdestolpane er det.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under årsmøtet i Uskedalen Utvikling i førre veka det vart hevda at dei nye gjerdestolpane som er sett opp rundt vassinntaket i Eikelva er behandla med kreosot og at dei difor kan vera kreftframkallande. Opplysninga har uroa folk i bygda, men Mattilsynet beroligar. Det er rett at stolpane er behandla med kreosot, men dei utgjer ingen trussel mot vassverket. Det er eit svært lite innhald av kreosot. Det understrekar Svein Rimestad når uskedalen.do ber om ein kommentar til saka. Rimestad er vassansvarleg ved distriktskontoret til Mattilsynet.

Problemet oppstod ved at ein grunneigar slapp sau i området som grensar opp til vassinntaket i Eikelva. Vassverket tok kontakt med Mattilsynet om saka.



Gjerdestolpane ved Eikelva skal halda sauen unna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Anten måtte sauen bort eller det måtte settast opp eit gjerde og løysinga ein kom fram til vart gjerde. Det vart sett opp i ein stor boge mot inntaket, med grindar ovanfor og nedanfor på vegen opp gjennom dalen. Det vart nytta stolpar impregnert med kreosot.

- Det er tjære av steinkol, og stoffet kan vera kreftframkallande i ein viss mengde. Men i dette tilfellet kan dei som er betenkte vera heilt trygge, for her kan det ikkje bli direkte kontakt mellom avrenning frå stolpane og vatnet til uskedalingane. Det vil berre eventuelt skje ved ein kjempeflaum. Det er med andre ord ingen fare for drikkevandet, held Rimestad fram.

- Korleis kan du garantera at det ikkje vert direkte kontakt?
- Det er grave ei grøft mellom gjerdet og elva som fangar opp tilsiget og fører det nedanfor inntaket.
- Men det har etter kvart kome strenge restriksjonar mot kreosotbruken?
- La meg først poengtera at bruk av kreosot i jordbruket er lovleg. Men det er til dømes ikkje lov å nytta det i barnehagar eller i sandkassar for barn og det er heller ikkje lov å nytta det i direkte kontakt med vatn eller næringsmiddel.
- Forstår du likevel at folk blir urolege?
- Jau, det forstår eg fullt ut, det er bra at folk er merksame på slikt. Men i dette tilfellet er det all grunn til å beroliga, seier Rimestad.

Av Ola Matti Mathisen



Gjerdestolpane i Eikedalen er ikkje farlege for vannforsyninga, forsikrar Mattilsynet. (Foto: Ola Matti Mathisen).